

2018

KVARTALSRAPPORT 31.03.2018



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE
NO 937 899 785
TELEFON 70 07 00 00

SpareBank 
SØRE SUNNMØRE

INNHALD

HOVUDTAL	03
RAPPORT FRÅ STYRET	05
RESULTAT	08
BALANSE	09
ENDRING I EIGENKAPITAL	10
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	11
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP	12
2. SEGMENTINFORMASJON	13
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR	14
4. MISLEGHOLD	16
5. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR	17
6. KAPITALDEKNING	18
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	20
8. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI	21
9. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN	22
10. INNSKOT FRÅ KUNDAR	22
11. LIKVIDITETSRISIKO	23
12. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR	24
13. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR	24

HOVUDTAL

RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017	4. kvartal 2016	3. kvartal 2016	2. kvartal 2016	1. kvartal 2016
Renteinntekter	56.685	58.743	59.764	58.470	58.359	57.608	59.381	53.369	69.400
Rentekostnader	22.980	23.256	23.272	23.931	25.746	24.788	25.422	20.548	37.330
Netto renteinntekter	33.705	35.487	36.493	34.539	32.613	32.820	33.959	32.820	32.070
Provisjonsinntekter	18.443	18.288	18.894	17.036	16.291	14.982	17.495	17.125	16.786
Provisjonskostnader	1.107	935	1.056	855	1.010	903	815	773	812
Andre driftsinntekter	2.229	1.109	1.182	5.526	4.933	5.065	5.525	6.122	4.725
Netto provisjons- og andre inntekter	19.565	18.462	19.019	21.708	20.214	19.144	22.205	22.474	20.699
Utbytte	9.994	1.456	1	7.238	184	-	341	13.388	115
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	3.708	11.504	6.884	5.811	6.532	7.364	7.004	7.273	4.989
Inntekt av eigarinteresser i tilknytte selskap	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	386	-2.598	-1.771	577	2.512	1.868	17.583	3.560	-7.186
Netto avk. på finansielle investeringar	14.088	10.362	5.114	13.625	9.228	9.232	24.928	24.221	-2.082
Sum inntekter	67.358	64.310	60.626	69.871	62.055	61.196	81.092	79.516	50.687
Personalkostnader	16.181	11.266	15.451	22.814	17.259	12.923	16.384	15.313	14.870
Administrasjonskostnader	10.292	9.325	8.328	7.322	8.755	10.045	8.400	8.915	9.451
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.819	1.882	1.958	2.525	2.472	2.660	2.541	3.067	2.002
Nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-4.300	-	-	-	-7.249	-	-	-
Andre driftskostnader	4.751	6.417	3.315	6.226	5.433	7.062	4.201	5.478	8.730
Sum driftskostnader	33.043	24.589	29.052	38.886	33.919	25.441	31.526	32.773	35.052
Resultat før tap	34.315	39.722	31.574	30.985	28.136	35.755	49.566	46.743	15.635
Nedskrivning aksjar	-	-	-	3.206	-	1.403	5.084	-	-
Tap på utlån, garantiar	3.098	-2.613	5.541	15.766	1.069	14.700	492	12.943	4.731
Resultat før skatt	31.217	42.334	26.033	12.014	27.067	19.652	43.990	33.800	10.903
Skattekostnad	4.000	2.077	4.650	1.510	5.500	2.885	7.525	4.130	1.950
Resultat for perioden	27.217	40.258	21.383	10.504	21.567	16.767	36.465	29.670	8.953

HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017	4. kvartal 2016	3. kvartal 2016	2. kvartal 2016	1. kvartal 2016
Lønsemd									
Eigenkapitalavkastning etter skatt	9,86 %	15,13 %	8,67 %	4,54 %	9,50 %	7,54 %	16,75 %	14,04 %	4,47 %
Kostnadsprosenten	49,1 %	38,2 %	47,9 %	55,7 %	54,7 %	41,6 %	38,9 %	41,2 %	69,2 %
Balansetal									
Brutto utlån til kundar	7.439.932	7.344.713	7.320.270	7.234.087	6.956.737	6.944.441	7.013.582	7.027.076	6.859.184
Brutto utlån til kundar inkl. overført til kredittforetak	9.899.793	9.771.085	9.710.230	9.613.667	9.326.486	9.325.929	9.338.812	9.284.886	9.116.995
Innskot frå kundar	5.950.243	5.838.437	5.703.256	5.934.240	5.628.415	5.637.271	5.561.477	5.572.133	5.276.797
Innskotsdekning	80,0 %	79,5 %	77,9 %	82,0 %	80,9 %	81,2 %	79,3 %	79,3 %	76,9 %
Innskotsdekning inkl. overført til kredittforetak	60,1 %	59,8 %	58,7 %	61,7 %	60,3 %	60,4 %	59,6 %	60,0 %	57,9 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	6,95 %	5,76 %	4,37 %	2,95 %	1,42 %	1,40 %	3,71 %	3,23 %	4,48 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til kredittforetak	6,15 %	4,77 %	3,98 %	3,54 %	2,30 %	3,32 %	5,21 %	5,08 %	6,93 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	5,72 %	3,57 %	2,55 %	6,50 %	6,66 %	6,74 %	4,19 %	2,72 %	2,37 %
Forvaltningskapital	8.728.613	8.611.045	8.543.629	8.534.062	8.311.904	8.367.752	8.388.831	8.466.863	8.414.911
Forvaltningskapital inkl. overført til kredittforetak	11.188.475	11.037.416	10.933.589	10.913.641	10.681.654	10.749.240	10.714.062	10.724.674	10.672.722
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	8.666.666	8.649.124	8.409.187	8.314.299	8.338.179	8.441.326	8.399.355	8.368.530	8.408.014
Tap og misleghald									
Tapsprosent utlån	0,17 %	-0,14 %	0,30 %	0,87 %	0,06 %	0,85 %	0,03 %	0,74 %	0,28 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,73 %	0,81 %	0,86 %	0,87 %	1,05 %	1,01 %	0,78 %	0,92 %	0,79 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,22 %	0,21 %	0,74 %	0,75 %	0,75 %	1,04 %	0,36 %	0,29 %	0,52 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til kredittforetak (KF)	0,13 %	-0,11 %	0,23 %	0,66 %	0,05 %	0,63 %	0,02 %	0,56 %	0,21 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF	0,55 %	0,61 %	0,65 %	0,65 %	0,78 %	0,75 %	0,59 %	0,70 %	0,60 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF	0,17 %	0,16 %	0,56 %	0,56 %	0,56 %	0,77 %	0,27 %	0,22 %	0,39 %
Soliditet									
Kapitaldekning	21,07 %	21,85 %	21,06 %	18,34 %	16,91 %	16,92 %	16,18 %	15,05 %	14,98 %
Kjernekapitalsprosent	17,88 %	19,05 %	18,25 %	15,61 %	14,26 %	15,11 %	14,13 %	12,91 %	13,03 %
Rein kjernekapitaldekning	16,86 %	18,49 %	17,57 %	14,95 %	13,74 %	15,11 %	14,10 %	12,85 %	12,88 %
Ansvarleg kapital	956.985	969.281	941.955	827.834	736.713	740.704	749.306	704.303	702.742
Kjernekapital	811.928	845.223	816.180	704.484	621.175	661.718	654.517	604.335	611.308
Rein kjernekapital	765.524	820.162	785.930	674.499	598.509	661.718	652.983	601.416	604.146
Risikovekta balanse	4.540.957	4.436.004	4.473.082	4.513.025	4.356.639	4.378.358	4.631.894	4.681.159	4.690.829
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,87 %	9,31 %	9,09 %	7,85 %	7,17 %	7,58 %	7,66 %	7,04 %	7,16 %
Likviditetsdekning (LCR)	219 %	226 %	266 %	226 %	145 %	153 %	102 %	110 %	105 %
Bemanning									
Tal på årsverk	69,7	69,2	68,2	66	65	64,2	64	66	66
Eigenkapitalbevis									
Resultat per eigenkapitalbevis	3,09	4,65	-	-	-	-	-	-	-
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	-	-	-	-	-	-
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	108.753	110.273	100.193	-	-	-	-	-	-
Eigenkapitalbevisbrøk i %	11,34 %	11,55 %	10,80 %	-	-	-	-	-	-

FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2018	4. kvartal 2017	3. kvartal 2017	2. kvartal 2017	1. kvartal 2017	4. kvartal 2016	3. kvartal 2016	2. kvartal 2016	1. kvartal 2016
Rentenetto	1,58 %	1,63 %	1,72 %	1,67 %	1,59 %	1,55 %	1,61 %	1,58 %	1,53 %
Resultat etter skatt	1,27 %	1,85 %	1,01 %	0,51 %	1,05 %	0,79 %	1,73 %	1,43 %	0,43 %

RAPPORT FRÅ STYRET

Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 31.03.18 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i dei felleskontrollerte verksemdene, Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 % og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS på 4,63 %, konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp. Eigardelar i Hotell Ivar Aasen AS vart avhenda i juni 2017.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarande periode i fjor.

Konsernet har 72 tilsette ved utgangen av 1. kvartal – til saman utgjer dette 69,7 årsverk. Grunna avtale om sluttpakkar gjort i 2017, vil omlag 5 årsverk utgå utover i 2018.

Resultat

Resultat per 31.03.2018

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har eit konsernresultat før skatt på 30,1 mill kr per 31.3.2018 (23,3 mill. kr) som tilsvarer 1,46 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK), mot 1,32 % i fjor.

Eigenkapitalrentabiliteten i 1. kvartal 2018 vart 9,9 % mot 9,5 % i tilsvarande periode i fjor.

Rentenetto

Netto renteinntekter utgjer 33,7 mill. kr, som i kr er 3,4 % høgare enn tilsvarande periode i 2017. Dette er 1,58 % av GFK i konsern mot 1,59 % i fjor.

Eit høgare utlånsvolum i kombinasjon med lågare kostnad på bankens marknadsfinansiering, har gitt auka rentenetto i kroner og i prosent samanlikna med same periode i fjor. Dette har skjedd trass i generelt lågt rentenivå i marknaden, sterk konkurranse både på utlåns- og innskotssida og at redusert risiko har bidrege til press nedover på rentemarginen.

Netto provisjons- og andre inntekter

Netto provisjonsinntekter er auka med 2,1 mill. kr i forhold til 31.3.2017. Andre driftsinntekter er redusert med 2,7 mill. kr som følge av færre dotterselskap i konsernet ved utgangen av første kvartal i år mot same periode i fjor.

Provisjon frå SpareBank 1 Boligkreditt og Næringskreditt er auka med 1,3 mill. kr frå 5,2 mill. kr per første kvartal 2017 hovudsakleg grunna lågare finansieringskostnader i desse føretaka.

Utbytte er auka med 9,8 mill. kr til 10 mill. kr i første kvartal 2018. I 2017 kom utbytte i hovudsak i andre kvartal.

Netto verdiendring på finansielle eignelutar gir positiv avkastning på 0,4 mill. kr mot 2,5 mill. kr same periode i fjor. Verdiendring av aksjar og derivat bidreg til lågare avkastning i år mot i fjor.

Driftskostnader

Driftskostnadene i konsernet er reduserte med 0,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjor, og utgjer 33,0 mill. kr. Effekt av innkonsoliderte dotterselskap sine kostnader er 3,9 mill.kr lågare i dette kvartalet samanlikna med same periode i fjor, medan morbanken har auka kostnadene med 3 mill. kr. Personalkostnader i morbanken er auka med 1,1 mill. kr som følge av ein auke i tal årsverk. Utover i 2018 vil desse bli reduserte på grunn av sluttpakkar som vart inngåtte i 2017. Administrasjonskostnader er auka med 1,5 mill. kr, noko som er relatert til auka del av felleskostnader i alliansen.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 49,1 % per 31.03.2018 mot 54,7 % for tilsvarande periode i fjor.

Tap/nedskrivningar

Med verknad frå 1.1.2018 er IFRS 9 for måling av tap teken i bruk. For ei nærare skildring av IFRS 9 viser vi til årsrekneskapen for 2017. Innføring av ny tapsmodell etter IFRS 9 er forventa å medføre noko auka volatilitet i tapsavsetnader.

Resultatrekneskapen er belasta med 3,1 mill. kr i tap. (1,1 mill. kr). Dette utgjer 0,17 % av brutto utlån ved utgangen av 1. kvartal 2018.

Brutto misleghaldne engasjement er på 54,4 mill. kr (59,3 mill. kr), tilsvarande 0,7 % (1,05 %) av brutto utlån. Tapsutsette (ikkje misleghaldne) engasjement utgjorde 16,7 mill. kr (52,1 mill. kr), som tilsvarar 0,2 % (0,75 %) av brutto utlån.

Tett oppfølging av kundar og førebyggjande arbeid er framleis viktige verkemiddel for å oppretthalde ein god risikoprofil i utlånporteføljen for å redusere framtidige tap.

Balanse

Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjør 8.728,6 mill. kr (8.311,9 mill. kr) og har auka med 117,6 mill. kr (reduksjon med 55,8 mill. kr) sidan årsskiftet.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 11.188 mill. kr (10.682 mill. kr).

Utlån

Brutto utlån i eigne bøker har auka med 95,2 mill. kr (12,3 mill. kr) sidan årsskiftet. 12-månaders-veksten i utlån i eigne bøker er auka med 483,2 mill. kr (97,6 mill. kr).

Banken plasserer delar av dei sikra bustadlån i SpareBank 1 Boligkreditt og delar av dei sikra næringslån på eigedom i SpareBank 1 Næringskreditt. Ved kvartals-skiftet utgjør denne porteføljen høvesvis 2.329,8 mill. kr (2.262,7 mill. kr) og 130,0 mill. kr (107,1 mill. kr).

Brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er såleis på 9.899,8 mill. kr (9.326,5 mill. kr).

Veksten i utlån for personmarknaden inkludert SpareBank 1 Boligkreditt siste 12 månader, har vore på 595 mill. kr (511 mill. kr) som tilsvarar ein vekst på 7,5 % (7,0 %), medan bedriftsmarknad inkludert SpareBank 1 Næringskreditt er redusert med 22 mill. kr (reduksjon på 301 mill. kr) som tilsvarar ein reduksjon på 1,5 % (-16,8 %).

Innskot

Innskot er auka med 321,5 mill. kr (351,6 mill. kr) siste 12 månader til 5.950,2 mill. kr per første kvartal 2018. Dette tilsvarar ein vekst på 5,7 % (6,7 %).

Innskot frå personkundar er auka med 207 mill. kr (212 mill. kr) til 3.734 mill. kr, og dette tilsvarar 5,9 % (6,4 %) siste 12 månader. Innskot frå næringslivskundar er auka med 115 mill. kr (139 mill. kr) til 2.216 mill. kr siste 12 månader, noko som tilsvarar ein auke på 5,5 % (6,6 %).

Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering inkludert fondsobligasjon og ansvarleg lån utgjør 1.628,5 mill. kr. Av dette har 955 mill. kr løpetid mellom 1 og 3 år, og 300 mill. kr løpetid over 3 år.

Innskotsdekninga er 80,0 % (80,9 %) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, men tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 219 % per 31.03.18 (145 %).

Soliditet

Banken nyttar standardmetoden for berekning av kapitaldekning. Dette inneber isolert sett ei meir konservativ måling av risiko enn kva som er tilfelle ved å nytte interne kredittrisikomodellar. Frå og med 1. kvartal 2018 skal banken, i tillegg til å utarbeide kapitaldekning på morbanknivå, også gjere forholdsmessig konsolidering av samarbeidande grupper ved utarbeidinga av kapitaldekninga.

Myndighetene skjerpa krava og reknemåten for kapitaldekning med verknad frå 30.09.2014 med ein overgangsperiode. Frå 01.01.2018 er denne overgangsperioden over.

I juli 2017 gjorde Finanstilsynet vedtak om Pilar 2-tillegg på 3,1 % gjeldande frå 31.12.2017. Minimumskravet til rein kjernekapital er 15,1 %.

Kapitaldekning ved utgangen av 1. kvartal 2018 er over dei regulatoriske kapitalkrava og dei interne sette minimumsmål for rein kjernekapital. Rein kjernekapitaldekning i morbanken er 16,43 %, og inkludert delårsresultatet er den 16,94 %.

Rein kjernekapital med forholdsmessig konsolidering vart på 16,27 % ved utgangen av kvartalet.

Eigenkapitalbevis

Banken gjennomførte i september 2017 ein vellukka emisjon av eigenkapitalbevis. Emisjonen var overteikna med 46 %, og per 28. september var det innbetalt 100 mill. kr ved utferding av 1 mill. eigenkapitalbevis.

Ved utgangen av første kvartal 2018 har banken 358 eigenkapitalbevisegarar. Dei 20 største eigarane eig 51,9 % av eigenkapitalbevisa til banken.

Risikovurderingar

Banken sine vesentlege risiki er knytte til: kredittrisiko, operasjonell risiko, renterisiko og likviditets- og oppgjersrisiko.

Risikotilhøva blir kontinuerleg overvaka og rapporterte til leiinga og styret etter faste rapporteringsrutinar.

Kredittrisiko i utlånsporteføljen er det største risiko-området. Banken har god bransjespreiing, og alle engasjement blir månadleg scora i SpareBank 1 sitt datavarehus. Denne scoringa fangar opp hovudtrekka på grunnlag av kundeåtferd og utvikling i økonomiske nøkkeltal, og er grunnlag for oppfølging og rapportering. Arbeid med porteføljekvalitet er ei prioritert oppgåve, og det vert teke aktive grep for å redusere risiko og misleghald.

Olje- og offshorebransjen har vore i ein utfordrande periode, men utviklinga ser no ut til å vere stabil med positive utsikter. Oljeprisen har vore stigande, kostnadsnivået i offshorenæringa er betydeleg redusert, og aktivitetsnivået har teke seg opp. Det er ikkje registrert nye hendingar som gir grunnlag for nye avsetningar for bransjen.

Summane for overtrekk og restansar er stabile over tid. Styret følger utviklinga, og kredittmedarbeidarane prioriterer arbeidet med utsette engasjement høgt.

Både utlån og innskot frå kundar har i all hovudsak flytande rente. Fastrentelåna er i stor grad sikra gjennom renteswapavtalar. Banken si obligasjonsbeholdning har kvartalsvis renteregulering. Renterisikoen er derfor låg.

Utsiktene framover

Dei økonomiske utsiktene for landet og fylket vårt er

framleis gode. Fleire faktorar, som lågare arbeidsløyse, gunstige valutakursar, høgare oljepris, betre utvikling i Europa m.m., peikar i positiv retning. Den negative utviklinga i oljerelevante næringar ser ut til å snu til ein begynnande oppgang. Vidare viser dei siste rapportar om bustadmarknaden at nedgangen i bustadprisar er i ferd med å flate ut.

I banken sitt primærrområde er situasjonen god og stabil. Vi vurderer at det ligg til rette for ei framleis god utvikling framover.

Det er sterk konkurranse i marknaden for utlån og innskot. Banken er konkurransedyktig og har hatt god vekst i personmarknaden. Det vert lagt opp til at det vert ein kontrollert vekst i bedriftsmarknaden i 2018 etter nokre år med reduksjon i volum på denne marknaden grunna kapitalsituasjonen. Styret har tru på moderate tap på utlån for 2018. Nibor har auka mykje sidan årsskiftet, og vil kunne gi eit press på rentenettoen framover.

Banken har eit sterkt fokus på effektiv drift, og arbeider med å tilpasse organisasjonen, med fokus på rett kompetanse, dimensjonering og organisering. Det er venta at det vert konkludert på dette området i andre kvartal.

Styret forventar at kvartalsresultata frå ordinær bankdrift dei resterande kvartala av 2018 vil vere tilfredsstillande.

Volda, 15. mai 2018
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide
Styreleiar



Ole Reinhart Notø
Nestleiar




Mona Ryste
Styremedlem




Arne Steinsvik
Styremedlem



Arild Hatløy
Styremedlem



Bente Fylken
Styremedlem



Runar Grettland
Tilsettere representant



Møyfrid Lillenes
Tilsettere representant



Stig Brautaset
Administrerende direktør

RESULTAT

MORBANK			KONSERN				
2017	31.03.2017	31.03.2018	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2018	31.03.2017	2017
215.211	52.885	52.112	Renteinntekter målt til amortisert kost		51.640	51.512	211.379
23.957	6.847	5.045	Renteinntekter målt til verkeleg verdi		5.045	6.847	23.957
96.210	25.746	22.980	Rentekostnader		22.980	25.746	96.205
142.958	33.986	34.177	Netto renteinntekter		33.705	32.613	139.131
70.509	16.290	18.443	Provisjonsinntekter		18.443	16.291	70.509
3.857	1.010	1.107	Provisjonskostnader		1.107	1.010	3.857
1.004	270	203	Andre driftsinntekter		2.229	4.933	12.750
67.656	15.550	17.539	Netto provisjons- og andre inntekter		19.565	20.214	79.402
49.824	184	9.994	Utbytte		9.994	184	8.879
-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		3.708	6.532	30.730
-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i tilknytte selskap		-	-	-
-1.280	2.512	386	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		386	2.512	-1.280
48.544	2.696	10.380	Netto avk. på finansielle investeringar		14.088	9.228	38.329
259.158	52.232	62.096	Sum inntekter		67.358	62.055	256.862
61.540	15.028	16.159	Personalkostnader		16.181	17.259	66.790
33.719	8.752	10.289	Administrasjonskostnader		10.292	8.755	33.730
5.687	1.413	1.304	Avskrivningar av varige driftsmidlar		1.819	2.472	8.836
-	-	-	Gevinst sal/Nedskrivningar varige driftsmidlar		-	-	-4.300
17.000	3.744	4.224	Andre driftskostnader		4.751	5.433	21.391
117.946	28.937	31.976	Sum driftskostnader		33.043	33.919	126.447
141.212	23.295	30.120	Resultat før tap		34.315	28.136	130.415
20.206	-	-	Nedskrivning aksjar		-	-	3.206
19.763	1.069	3.098	Tap på utlån, garantiar	5	3.098	1.069	19.763
101.243	22.226	27.022	Resultat før skatt		31.217	27.067	107.446
13.737	5.500	4.000	Skattekostnad		4.000	5.500	13.737
87.507	16.726	23.022	Resultat for perioden		27.217	21.567	93.709
			Utvida resultatrekneskap				
87.507	16.726	23.022	Resultat for rekneskapsperioden		27.217	21.567	93.711
-	-683	-	Verdiendring aksjeinvesteringar tilgjengelege for sal		-	-683	-
-	-	-	Verdiendring renter fondsobligasjon		-	-	-
1.130	-	-	Årets estimatavvik pensjonar		-	-	1.130
-283	-	-	Skatteeffekt av estimatavvik pensjonar		-	-	-283
88.354	16.043	23.022	Totalresultat for perioden		27.217	20.884	94.559

BALANSE

MORBANK			KONSERN				
31.12.2017	31.03.2017	31.03.2018	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2018	31.03.2017	31.12.2017
			Eignelutar				
40.540	39.198	44.182	Kontantar og fordringar på sentralbanken		44.182	39.235	40.540
377.999	226.249	366.025	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		366.025	226.249	377.999
7.407.744	7.081.637	7.502.962	Utlån til og fordringar på kundar	3	7.439.932	6.956.737	7.344.713
21.092	33.559	18.980	Individuelle nedskrivningar	5	18.980	33.559	21.092
34.096	39.546	24.497	Forventa tap på utlån/Nedskrivning på grupper	5	24.497	39.546	34.096
7.352.556	7.008.532	7.459.485	Netto utlån til kundar	3	7.396.455	6.838.632	7.289.525
1.566	1.566	1.566	Overtekne eigedomar		1.566	1.566	1.566
225.511	246.133	190.164	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning		190.164	246.133	225.511
376.445	519.064	381.268	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser		381.268	519.064	376.445
81.317	56.305	81.317	Investeringar i felleskontrollerte verksemdar		158.079	146.106	154.371
-	-	-	Investeringar i tilknytte selskap		-	-	-
9.873	28.967	9.873	Investering i konsernselskap		-	-	-
1.246	-	1.246	Utsett skattefordel		1.246	-	1.246
38.228	41.700	37.462	Varige driftsmidlar		118.788	186.054	125.637
1.859	116.113	52.363	Andre eignelutar		48.261	20.607	4.160
20.422	43.079	15.656	Forskotsbet. kostnader og oppt.inntekter		22.579	43.258	14.045
8.527.563	8.226.906	8.640.607	Sum eignelutar		8.728.613	8.311.904	8.611.046
			Gjeld				
2.762	2.451	888	Innskot frå kredittinstitusjonar		888	2.451	2.762
5.839.027	5.631.672	5.950.534	Innskot frå og gjeld til kundar	10	5.950.243	5.628.415	5.838.437
1.466.557	1.484.449	1.428.493	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	9	1.428.493	1.484.449	1.466.557
33.837	69.266	23.760	Anna gjeld		24.177	74.533	34.309
-	3.567	-	Utsett skatt		-	3.567	-
20.619	38.838	43.954	Påkomne kostnader og forsk.bet. inntekter		43.954	39.613	20.618
9.948	10.283	11.072	Avsetjing til forpliktingar		11.072	10.283	9.974
150.000	150.000	150.000	Ansvarleg lånekapital		150.000	150.000	150.000
7.522.750	7.390.526	7.608.701	Sum gjeld		7.608.827	7.393.311	7.522.657
			Eigenkapital				
100.000	-	100.000	Eigardelskapital		100.000	-	100.000
193	-	193	Overkursfond		193	-	193
10.080	-	8.560	Utjæmningsfond		8.560	-	10.080
825.933	757.837	832.879	Sparebankfondet	6	832.879	757.837	825.933
17.125	12.500	16.425	Gåvefond		16.425	12.500	17.125
1.482	-	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	-	1.482
-	-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		76.761	89.800	73.054
-	16.043	22.367	Annan eigenkapital		33.486	8.455	10.522
50.000	50.000	50.000	Hybridkapital		50.000	50.000	50.000
1.004.813	836.380	1.031.906	Sum eigenkapital		1.119.786	918.593	1.088.389
8.527.563	8.226.906	8.640.607	Forvaltningskapital		8.728.613	8.311.904	8.611.046
			Forvaltningskapital inkl. Boligkreditt/ Næringskreditt				
10.953.935	10.596.655	11.100.469	Garantiansvar		11.188.474	10.681.652	11.037.418
228.680	172.854	237.938	Deponert i Norges Bank		237.938	172.854	228.680
-	-	-			-	-	-

ENDRING I EIGENKAPITAL

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2016	-	-	757.837	-	12.500	-	-	-	50.000	820.337
Emisjon	100.000	193	-	-	-	-	-	1.482	-	101.675
Hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Estimatavvik mot EK	-	-	848	-	-	-	-	-	-	848
Skatteeffekt på konsernbidrag	-	-	-2.500	-	-	-	-	-	-	-2.500
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.679	-	-	-	-	-	-	-2.679
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-375	-	-	-	-	-375
Resultat for rekneskapsåret	-	-	72.427	10.080	5.000	-	-	-	-	87.507
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	-	-	1.482	50.000	1.004.813
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-700	-	-	-	-	-700
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-656	-	-	-656
Delårsresultat	-	-	-	-	-	-	23.023	-	-	23.023
Eigenkapital per 31.03.2018	100.000	193	832.879	8.560	16.425	-	22.367	1.482	50.000	1.031.906

MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamn- ingsfond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigen- kapital	Kompensa- sjonsfond	Hybrid- kapital	Sum ei- genkapital
Eigenkapital per 31.12.2016	-	-	757.837	-	12.500	83.269	-5.897	-	50.000	897.709
Emisjon	100.000	193	-	-	-	-	-	1.482	-	101.675
Hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Estimatavvik mot EK	-	-	848	-	-	-	-	-	-	848
Skatteeffekt på konsernbidrag	-	-	-2.500	-	-	-	-	-	-	-2.500
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.679	-	-	-	-	-	-	-2.679
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-375	-	-	-	-	-375
Resultat for rekneskapsåret	-	-	72.427	10.080	5.000	-10.215	16.419	-	-	93.711
Eigenkapital per 31.12.2017	100.000	193	825.933	10.080	17.125	73.054	10.522	1.482	50.000	1.088.388
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-1.520	-	-	-	-	-	-1.520
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-700	-	-	-	-	-700
Prinsippendring tap IFRS9	-	-	6.946	-	-	-	-	-	-	6.946
Føring mot eigenkapitalen	-	-	-	-	-	-	111	-	-	111
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-656	-	-	-656
Delårsresultat	-	-	-	-	-	3.707	23.510	-	-	27.217
Eigenkapital per 31.03.2018	100.000	193	832.879	8.560	16.425	76.761	33.487	1.482	50.000	1.119.786

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK				KONSERN		
2017	31.03.2017	31.03.2018	(Tal i heile tusen kroner)	31.03.2018	31.03.2017	2017
101.244	22.226	27.023	Årsoverskot før skatt	31.217	27.067	107.448
-	-	-	Tap ved sal av anleggsmidler	-	-	-
5.687	1.413	1.304	+ av- og nedskrivningar	1.819	2.472	8.836
19.763	-1.069	3.098	+ Tap på utlån/garantiar	3.098	-1.069	19.763
-	-	-700	- Gåver	-700	-	-
-13.737	5.500	-4.000	- Betalbar skatt	-4.000	5.500	-13.737
112.957	28.070	26.725	Tilført frå årets verksemd	31.434	33.970	122.310
-29.373	-13.792	-45.808	Reduksjon/(auke) andre fordringar	-52.667	-13.781	-30.633
-40.191	-1.081	-170	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	10.324	-4.589	-46.182
-335	-	-	Auke/(reduksjon) pensjonsforpliktning	-	-	-
-	15.593	-1.124	Auke/(reduksjon) forpliktingar	-1.098	12.432	-
-69.899	720	-47.102	Likviditetsendring i resultatrekneskapan	-43.441	-5.938	-76.815
-351.606	-15.282	-95.187	Reduksjon/(auke) utlån	-95.188	-15.428	-400.272
-76.031	75.719	11.974	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/ sentralbank	11.974	75.719	-76.031
197.595	-9.760	111.507	Auke/(reduksjon) innskot kundar	111.806	-8.856	201.166
-92	-403	-1.874	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	-1.874	-403	-92
34.968	14.346	35.850	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	35.850	14.346	34.968
-152.108	93.410	41.892	A) Netto likviditetsendring frå verksemd	50.561	93.410	-194.765
-3.063	-817	-538	Brutto investeringar bygningar/driftsmidler	-538	-817	-3.063
-	-	-	Avgang bygningar/driftsmidler	-8.668	-	54.856
33.624	-	-	Netto innbetalt kap. tilkn. selskap/dotterselskap	-	-	14.797
137.191	-5.429	-4.823	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-4.823	-5.429	137.190
167.752	-6.246	-5.361	B) Netto likviditetsendring investeringar	-14.029	-6.246	203.780
-	-	-	Auke ansvarleg lånekapital	-	-	-
100.000	-	-	Emisjon av eigenkapitalbevis	-	-	100.000
-9.929	-683	6.946	Endringar direkte mot eigenkapital	6.946	-683	-3.336
-101.969	-84.077	-39.836	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	-39.836	-84.077	-101.970
-11.898	-84.760	-32.890	C) Netto likviditetsendringar finansiering	-32.890	-84.760	-5.306
3.746	2.404	3.642	A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året	3.642	2.404	3.709
36.794	36.794	40.540	Likviditetsbeholdning inngående balanse	40.540	36.831	36.831
40.540	39.198	44.182	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	44.182	39.235	40.540
3.746	2.404	3.642	Endring	3.642	2.404	3.709

NOTAR

Note 1

Rekneskapsprinsipp

1.1 Grunnlag for utarbeiding

Kvartalsrapportrekneskapsen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2018–31.03.2018. Kvartalsrapportrekneskapsen er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle dei rekneskapsprinsipp konsernet har lagt til grunn ved avlegginga av kvartalsrapportrekneskapsen, framgår av årsrekneskapsen for 2017. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp utover bruken av IFRS 9 sidan årsrekneskapsen for 2017.

1.2 Segmentrapportering

Eit forretningssegment er ei gruppering av eignelutar eller verksemder som tilfører produkt eller tenester, og som er gjenstand for risiko og avkastning som avvik frå andre forretningssegment. Segmentinformasjon er omtala i eigen note.

1.3. Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta er omrekna til NOK etter kursar på transaksjonstidspunktet. Valutatap og -gevinst som oppstår på slike transaksjonar, og også på pengepostar i utanlandsk valuta, er bokført i resultatrekneskapsen.

1.4 Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar bygningar, tomter og driftslausøyre.

1.5 Verdipapir og derivat

Verdipapir består av aksjar og andelar, sertifikat og obligasjonar. Aksjar og andelar enten som omløpsmidlar og vurdert til verkeleg verdi, eller som anleggsmidlar og vurdert til amortisert kost.

1.6 Pensjonsskuldnader

Det er morbanken som har pensjonsskuldnad. Alle tilsette er på innskotsordning. Avtalen er sikra gjennom innbetalingar til forsikringselskap, og skuldnaden er utrekna av aktuar.

1.7 Eigardel i dotterselskap og felleskontrollerte verksemder

Eigardelar i dotterselskap og tilknytte selskap skal vurderast til kost etter IFRS-regelverket i selskapsrekneskapsen. I konsernrekneskapsen blir desse eignelutane førte etter eigenkapitalmetoden. Det vil seie at resultatdel i felleskontrollerte verksemder vert løpande resultatført. Dotterselskapa blir konsoliderte i konsernrekneskapsen.

1.8 Fondsobligasjon og klassifisering som eigenkapital

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har frå og med første kvartal 2016 klassifisert følgjande fondsobligasjon frå gjeld til eigenkapital:

- Evigvarende fondsobligasjon 50 millionar kroner, utferda 2015, med rentevilkår 3M Nibor + 4,30 %. Lånet har innløysingsrett (call) 23.10.2020.

Fondsobligasjonen er reklassifisert fordi den ikkje tilfredsstiller definisjonen av finansiell forplikting i IAS 32. Den er evigvarende, og SpareBank 1 Søre Sunnmøre har rett til å ikkje betale renter til investorane under gitte vilkår. Rentene blir ikkje presenterte som ein rentekostnad i resultatet, men som ein reduksjon i eigenkapitalen.

1.9 Avgift til sikringsfondet

IFRIC 21 «Levies» blei implementert i SpareBank 1 Søre Sunnmøre 1.1.2015. Fortolkinga regulerer rekneskapsmessig handsaming av avgifta til Bankenes Sikringsfond, og avgifta blir normalt ilagt på bakgrunn av gjennomsnittlege garanterte innskot og gjennomsnittleg berekningsgrunnlag for tidlegare kvartal. Finansdepartementet har uttalt at å gå ut av ordninga vil medføre tilbakebetaling av for mykje innbetalt avgift. SpareBank 1 Søre Sunnmøre praktiserer månadleg periodisering av avgifta.

1.10 IFRS 9

SpareBank 1 Søre Sunnmøre har tatt i bruk IFRS 9 med overgangsdato 1.1.2018. Dette resulterte i endringar i rekneskapsprinsipp samanlikna med prinsippa omtalte i årsrekneskapsen for 2017. Effekten av implementeringa av IFRS 9 er nærare skildra i note 39 i årsrekneskapsen for 2017. IFRS 9 introduserte ei endring i paragraf 82(a) i IAS1 med verknad frå 1.1.2018. Som følgje av denne endringa skal renteinntekter utrekna etter effektiv rentes metode presenterast separat i resultatoppstillinga. Dette inneber at renteinntekter på finansielle eignelutar målt til amortisert kost og finansielle eignelutar målt til verkeleg verdi over utvida resultat, er presenterte i rekneskapslinja «Renteinntekter målt til amortisert kost». Renteinntekter på finansielle eignelutar målt til verkeleg verdi over resultat er presenterte i rekneskapslinja «Renteinntekter målt til verkeleg verdi». Samanlikningstal er omarbeidde.

1.11 Revisjon

Kvartalsrekneskapsen er ikkje revidert.

Note 2

Segmentinformasjon

